

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest  
Vår referanse: 16/6690  
Dykkar referanse: 15/3983 - 16/13064  
Vår dato: 19.07.2016  
Dykkar dato: 20.05.2016

Att: Line Thuen Waage

## LINDÅS KOMMUNE HORDALAND - FRAMLEGG TIL PLANSTRATEGI OG PLANPROGRAM FOR SAMFUNNSDELEN - UTTALE

Vi viser til brev av 20.05.2016 frå Lindås kommune med framlegg til planstrategi og planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen.

Kapittel 11.2 tek for seg spørsmål knytt til revisjon av kommuneplanen sin arealdel og kva tema som skal prioriterast. På bakgrunn av pågåande planarbeid som skal slutthandsamast før valet hausten 2019, vurderer Lindås kommune revisjon berre på deler av arealdelen;

- Område der ein har hatt særlege utfordringar i gjeldande plan (t.d. LNF)
- Område der ein vil leggja til rette for prioriteringar ein har gjort i samfunnsdelen (t.d. næring)
- Område der ytre føresetnader har endra seg (t.d. teknologisk utvikling på anlegg til akvakultur)

Aktuelle tema knytt til sjøområda, strandsona og vassdraga:

- Område til akvakultur. Endring i konstruksjon og storleik på anlegga gjer at det er trong for monaleg større areal til kvar lokalitet enn kva som ligg inne i gjeldande plan.
- Friluftsområder. Oppfølging av prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftsområder.

Fiskeridirektoratet region Vest ser positivt på at kommunen vil prioritere arealbruk i sjøområda knytt til akvakultur. Talet på søknader om dispensasjon frå arealbruk i sjøområda etter kommuneplanen, har auka i heile Hordaland. Fleire av søknadene gjeld utviding eller endring av eksisterande oppdrettsanlegg der deler av anlegget kjem utanfor planlagt område. Akvakultur er ei dynamisk næring og trong for arealbruk endrar seg over tid, t.d. ved utskifting av kompakte stalanlegg til større og

meir arealkrevjande plastring-anlegg. Mange av akvakulturområda som er sett av i gjeldande arealplan for Lindås er etter vår vurdering marginale og gjev lite rom for utviding og endring av arealbruk. Vi meiner såleis det er trong for å vurdere område for område i lag med næringsaktørar som driv i områda. Revisjon av akvakulturområda må vurderast opp i mot anna arealbruk i sjøområda, fiskeriinteresser og marine ressursområde. I planprosessen er det såleis naudsynt å leggje til rette for at fiskeriinteressene får delta og kome med sine innspel til arealbruk i sjøområda.

Vi ventar med vidare innspel inntil kommunen har sendt ut varsel om oppstart av revisjon av arealplanen og forslag til planprogram.

Fiskeridirektoratet region Vest har ingen vidare merknader til forslag til program for samfunnsdelen av kommuneplanen.

Med helsing

Hanne Marie Utvær  
fungerande seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*

**Mottakarliste:**

Lindås Kommune

Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest

Slottsgt. 3

5003

BERGEN

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern- og

5020

BERGEN

klimaavdelinga

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kystverket Vest

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

KOPPI